

Bonsaksen

Trafikkskule

Informasjonshefte

Klasse AM146



Elev: _____

Ha alltid dette heftet med deg på timen!

Me ved Vossalappen AS og Bonsaksen Trafikkskule vil ynskja deg velkommen til eit moderne og effektivt læringsmiljø! Førarkortopplæringa vert i dag gjeve etter læreplanar, utarbeidd av Vegdirektoratet, der ein del av opplæringa er obligatorisk. Alle elevar hjå oss må igjennom opplæring på lukka området før køyringa i trafikk startar. Det kan i nokre tilfelle vere naudsynt med fleire køyretimar i tillegg til dette om eleven treng det for å tilfredsstille krava som er sett i læreplanen.

Desse tre tinga må ordnast for å kunne ta mopedførarkort:

1. Søk om førarkort på <http://www.vegvesen.no/dinside>

Har ein ikkje bankID kan ein printe ut ein papirsøknad og gje til læraren:

https://www.vegvesen.no/_attachment/1660377/binary/1182878?fast_title=S%C3%88knad+om+f%C3%88rarkort%2C+kompetansebevis+og+tilbakelevering+med+eigenerkl%C3%A6ring+om+helse+%28nynorsk%29.pdf

2. Ta all opplæringa hjå trafikkskule

3. Bestill eit tidspunkt til å ta teoriprøve på <http://www.vegvesen.no>

Søknad

Det må sendast inn søknad til Statens vegvesen før ein kan ta teoriprøven. Bruker ein briller eller treng helseattest må dette leverast i tillegg. Søknaden finn du ved å logge deg inn med BankID her: <http://www.vegvesen.no/dinside>.

Skikka til å köyra

Personar som har gjort noko straffbart kan verta gjevne sperrefrist av politiet. Har du sperrefrist, har du ikkje lov å øvingsköyra verken privat eller ved trafikkskulen. Som elev ved trafikkskulen må ein vera "skikka til å köyra", det vil mellom anna seia at ein ikkje kan vere sjuk eller påverka av rusmiddel. Me vil her minna våre elevar om at promillegrensa er 0,2, og at dette også gjeld "dagen derpå".

Krav til bekledning

- Hjelm
- Hanskar
- Sko som går over ankelen
- Helst kjøredress
- Sterke ytterplagg som toler litt
- Klede som passar til værforholda

Privat øvingskøring

Det er ein stor fordel om du kan trena på det du har lært på trafikkskulen etter kvar time.

Klage

Førespurnadar eller klager vedrørande opplæringa kan du retta til dagleg leiar. Du kan også klage til Statens vegvesen eller til Forbrukarrådet i ditt distrikt. Me vil gjera alt for at du skal bli nøgd. Er det noko du er misnøgd med, ikkje nøl med å fortelje det til oss. Er du derimot godt nøgd, fortel det til andre!

Teieplikt

Skulen sine tilsette har yrkesmessig teieplikt. Har du lærevanskar eller sjukdommar som krev medisin som påverkar køyringa, treng me å vite det.

Køyretimar

Me tilrår at du tek køyretimar mellom kl. 07.00 og 17.00. Trafikkopplæringa me driv er knytt mot trafikk. Det er minimalt med trafikk før kl 07.00 og etter kl. 17.00. Vikeplikt og utsmyting av luker er berre nokre få døme på tema som ikkje kan øvast på i tomme gater. Frammøte er ved trafikkskulen dersom ikkje anna er avtalt med trafikklæraren.

NB! Du må alltid ha bevis for gjennomført trafikalt grunnkurs og legitimasjon på kvar køyretime. Er du over 25 år er legitimasjon nok. Trafikalt grunnkurs-bevis er enten eit fysisk eller eit digitalt bevis. Det digitale beivetet kan ein finne på <http://www.vegvesen.no/dinside> så lenge ein har BankID. Gyldig bevis kan verta sjekka i kontrollar av Statens vegvesen eller politiet.

Avbestilling

Avbestilling av time MÅ skje seinast dagen før kl. 19.00. Ved avbestilling etter dette, utan gyldig grunn, må du betale for timen. Legeerklaering vert godteken. Betaling av køyretimar vert gjort i medhald av våre betalingsreglar, sjå **side 4**.

Teoretisk prøve

Den teoretiske prøven kan når du er fylt 16 år, så lenge **søknad om førarkort** er levert og all opplæring er tatt. Prøven omfattar 30 spørsmål, og vert gjennomført elektronisk. Prøven er bestått dersom du har 5 feil eller færre (85% riktig). Du har 90 min på deg, bruk tida godt! Det må bestillast time for å gjennomføra teoriprøven. Bestill time her: <http://www.vegvesen.no>. Alle trafikkstasjonar kan kontaktast på tlf. **02030**.

Til teorien må du ha med deg:

- Legitimasjon
- Kr. 360,- som skal betalast før teoriprøven
- Kr. 280,- for bilet og utferding av førarkort dersom du består teoriprøven

Reglar ved betaling

Gjennom vårt nettbaserte system får du din egen konto hjå oss, som du alltid kan logge deg inn på. Her får du oversikt over saldoen din, planlagt og gjennomført opplæring.

Slik loggar du deg på din konto hjå oss

Gå inn på nettsida: <http://www.tabs.no>. Første gong du registrerer deg, trykk på «Glemt passord». Skriv inn mobilnummeret ditt som brukarnamn, og passord vert sendt på SMS.

Elevar under 18 år må føre opp ein kontaktperson som vert ansvarleg for betalininga. Me ynskjer at betalinga vert gjort på førehand eller seinast samme dag som timen vert gjennomført. Det kan betalaust via nettbank eller med Vipps. Hugs at ved betaling med Vipps vert det lagt til 1,95 % av summen. Nyttar ein nettbank er det samme KID- og kontonummer ved kvar betaling.

Det er lett å følge med på din konto hjå oss. Dersom andre betalar for deg må du sørge for at dei kjenner vårt opplegg.

Informasjon om prisar finn du på heimesidene våre:

<http://www.trafikkskulen.no>

MYS er eit sett med filmar samla i ein app, som skal forberede deg til førarprøven. Her finn du alle øvingane som du går gjennom på trafikkskulen, slik at du kan øvelseskjøre meir effektivt heime mellom timane. MYS har over 40 slike filmsnuttar. Halvparten av filmane fortel korleis du teknisk gjennomfører ei øving og resterande filmar gjev råd om korleis du bør tenkje i ulike trafikkmiljø.

Tekniske øvingar:



Lukeparkering



Kryss i bakke



Sikkerheitskontroll

Trafikale øvingar:



Rundkjøring



Feltskifte



Motorveg

Last ned MYS - Make Yourself Safer på Google Play og App Store!



Oversikt over opplæringa

Trinn 1 Trafikalt grunnkurs

1 time = 45 min

- 1.1 Trafikkopplæringa
- 1.2 Trafikk og førarrollen
- 1.3 Mennesket i trafikken og samhandling
- 1.4 Trafikkopplæring, øvingskjøring og køyreerfaring
- 1.5 Plikter ved trafikkuhell og førstehjelp*
- 1.6 Tiltak ved trafikkulykke*
- 1.7 Trafikant i mørket*



4 timer

3 timer

*Er du over 25 år treng du kun desse delane av Trafikalt grunnkurs

Trinn 2 Grunnleggande køyretøy- og køyrekompetanse

- 2.1 Grunnkurs klasse AM146
- 2.2 Individuell grunnleggande praktisk opplæring
 - Kjøring på lukka område (Køyregård)
- 2.3 Trinnvurdering

3 timer

3 timer

1 time

Trinn 3 Trafikal del

- 3.1 Individuell trafikal opplæring
- 3.2 Sikkerheitskurs i trafikk
- 3.3 Trinnvurdering

4 timer

1 time

Trinn 4 Avsluttande opplæring

- 4.1 Sikkerheitskurs på veg
- 4.2 Tilstrekteleg øving


4 timer

Gjere klar for køring

Sittestilling - Spogl - Fest airbagstropp

Grunnleggande bruk av mopeden i variert terreng

Igangsetting fra høgre kant:




3. Plassering

2. Blinklys minst 5 sekund før plassering

1. Sjå i speglet og i blindsonen kven som er rundt deg

Stans langs høgre kant:




3. Plassering

2. Blinklys minst 5 sekund før plassering

1. Sjå i speglet kven som er bak deg


Bakkestart: Hald inne bakbrems (venstre hendel), gje gass, bakbremsen roleg ut.

Kort stans - ny start ved punkt:




5. No er du klar til ny start
4. Ta ut venstre fot
3. Lett på bremsetrykket idet mopeden stansar (mjuk stans)
2. Frambrems (gasshanda), så bakbrems
1. Sjå i speglet kven som er bak deg

Høgresving:




Trinn 2 - Grunnleggande køyretøy- og køyrekompetanse

Venstresving:



U-sving:



2.3 Obligatorisk trinnvurdering

Du skal sjå over skjemaet på [side 11](#) før du møter til timen. Plukk ut to ting du er god til og to ting du er mindre flink til og så skal du visa kva du kan i timen.

Etterpå skal du og trafikklæraren din saman vurdere om du er klar for neste trinn.

Tenk godt gjennom kva som er viktig og korleis du utfører dei ulike øvingane.

Mål for trinn 2 jf. § 11-3

Eleven skal ha så god køyreteknisk ferdighet at oppmerksomheita kan flyttast frå eige køyretøy til trafikkbilete og samhandlinga med andre trafikantar.

Vurder køyringa di:

Igangsetting og stans

Sjå langt fram

Sjekke spegl og blindsone

Blinklys

Plassering

Jamnt bremsetrykk ved stans

Bakkestart

Høgre- og venstresvingar

Sjå langt inn i svingen

Blinklys

Plassering

Fartstilpassing

Svingpunkt

U-sving

Overblikk

Blinklys


Informasjonsinnhenting

Sjå-reglane:

1. Sjå langt fram
2. Beveg blikket
3. Ta overblikk
4. Bli sett og forstått
5. Sjå alltid etter ein utveg

3.1.5 Køyring i bustad-, tettstads- og bymiljø

Vikeplikt. Fartstilpassing. Observasjon. Køyring i kryss med ulik utforming (MYS-video 23-31).




Vikeplikt (MYS-video 34).

- Køyrande har vikeplikt for køyretøy fra høgre. Dette gjeld og når ein svingar til venstre og får køyretøy på si høgre side. Unntak: Køyrande som kjem frå parkeringsplass, haldepass, torg, eigendom, bensinstasjon, gågate eller gatetun har alltid vikeplikt for andre trafikantar. Det same gjeld den som kjem frå gardsveg eller annan veg som ikkje er open for alminneleg ferdsel.
- Køyrande har vikeplikt for buss på busshaldeplass som blinker seg inn så lenge fartsgrensa er 60 km/t eller lågare. Bussjåføren skal unngå fare.
- Køyrande som vil svinge har vikeplikt for gåande eller syklande som skal rett fram på køyrebanen eller vegens skulder.

Dette gjeld så lenge skilt, lyskryss eller trafikkdirigering ikkje viser noko anna.


Rundkøyring (MYS-video 32):



- Gje teikn og vel plassering i god tid for å vise kor du skal i og ut av rundkøringa
- Låg fart inn mot rundkøringa gjev større sikkerheit og betre framkommeleghet
- Du har vikeplikt for trafikken som allereie er inne i rundkøringa
- Dersom det er plass til to bilar i breidda har rundkøringa to felt, sjølv om felta ikkje er oppmerka
- Byter du felt inni rundkøringa har du vikeplikt for køyrande som er i det feltet du skal køyre inn i eller som først må kryssast

Lyskryss :

1. Stans.
2. Gjer deg klar til å køyre.
3. Køyr dersom det er klart.
4. Gjer deg klar til stans, køyr dersom det medfører fare å stanse.




Det kan oppstå vikeplikt ved svinging i vanlege lyskryss for bilar eller fotgjengarar som ein kjem i konflikt då dei kan ha grønt lys samstundes. Dette gjeld ikkje dersom lys-signalet er ei retningsbestemt pil.

Køring i landevegsmiljø

Presis køyreteknikk


Beveg blikket så langt framover som mogleg for å kunne tidleg oppdage svingen sitt forsvinningspunkt. Dette er punktet der du ikke lenger ser vegen.

Forsvinningspunktet fortel deg kor du skal rette blikket og hjelper deg til å oppfatte farten din. Det vil gi deg tidleg informasjon om farar i vegbanen. Kjem forsvinningspunktet raskt imot deg, har du valt feil fart inn i svingen og må bremse bestemt ned. Hugs at du skal kunne stoppe på det du ser. Når sikten aukar utgangen av svingen gir du gass. Er det god sikt gjennom svingen treng du ikke alltid redusere farten, med aldri auk farten inn i ein sving.



Køyring ut av større veg ([MYS-video 42](#)):

Sjå **fram, bak** og **inn** der du skal (**F.B.I.**). Dette bør gjerast minst 3 gonger. Det å sjå langt inn i vegen du skal inn på hjelper også til å oppfatte farten riktig.



Køyring inn på større veg ([MYS-video 41](#)):

Kontroller trafikk begge sider, også ved høgresving pga. fare for forbikøyring.
Trafikkflyten på vegen du kjem inn på bestemmer kor fort du må opp i fart, difor er det viktig å sjekke spegl.

Økonomisk og miljøvennleg køyring ([MYS-video 4](#)):

- Ikkje gå direkte frå gass til brems
- Slepp gassen og la mopeden bremse på motor
- Planlegg slik at ein unngår unødig stans
- God avstand til bilar framfor deg gjer planlegginga lettare
- Lufttrykk i dekk og last aukar forbruket

3.3 Obligatorisk trinnvurdering

Du skal sjå over skjemaet på [side 11](#) før du møter til timen. Plukk ut to ting du er god til og to ting du er mindre flink til og så skal du visa kva du kan i timen. Etterpå skal du og trafikklæraren din saman vurdere om du er klar for neste trinn. Tenk godt gjennom kva som er viktig og korleis du utfører dei ulike øvingane.

Mål for trinn 3 jf. § 11-4

Eleven skal køyre sikkert og sjølvstendig i variert trafikk.

Vurder køyringa di:

Sikkert

Tidleg og fullstendig overblikk

Oppfatte skilt og vegmerking

Blinklys

Plassering

Fartstilpassing

Vikeplikt

Risiko:

- veggrep
- därleg sikt
- forbikøyring
- ikke bli sett av andre

Plassering:

- skape sikt
- handlingsrom
- vere synleg

Framlegg til køyrerute elev 1

Trafikkskulen - Skiheisane i Bavallen - Voss Bryggeri - MC- og mopedparkeringa på Tinghusplassen

Framlegg til køyrerute elev 2

Tinghusplassen - Idrettshallen - Amfi - Biltema - YX Skulestadmo

Framlegg til køyrerute elev 3

YX Skulestadmo - Coop Prix - Av- og påstigning ved stasjonen - Bulken stasjon

Du skal ha fått ei rute på førehand hjå trafikklæraren din som du kan planlegge heime. Når du kjem til timen skal du drøfte planen din med trafikklærar og medelevar.

Ta hensyn til:

- Føraren - Søvn, pausar, varme klede/regntøy, mat og drikke
- Køyretøyet - Drivstoff, last og sikkerheitskontroll
- Køyreruta - Tidsbruk, vegval og risiko

Dagleg kontroll av moped

Det er viktig at ein som mopedførar alltid har kontroll på mopeden sin stand. Ein pliktar å sørge for at mopeden er i forskriftsmessig og forsvarleg stand før køyring. Under køyring er det nok at mopeden er i forsvarleg stand.

Ein grei hugseregel når ein skal sjå over mopeden er **B - L - O - D**

Bremser

Ta ein trykkprøve på bremsen ved å klemme hendlane til bak- og frambrems hardt inn. Sig hendelane inn kan det vere lekkasje i bremsesystemet. Få ein verkstad til å sjekke dette og IKKJE fyll på bremsevæske sjølv då du kan risikere luft i bremsesystemet. Køyr og prøv kor godt bremsepane tar. Må du klemme hardt for å stoppe mopeden må det kanskje bytast bremseklossar eller trommelbremsen strammast. Kontroller belegget på bremseklossane framme.



Bremsebelegget på klossane skal vere minst 2 mm

Lys

Kontroller bremselfysa ved klemme inn bakbremsen og ha andre handa framfor bremselfyset for å sjå og det lyser. Gjer det samme med frambremsen.



Olje

Pass alltid på å ha nok olje på mopeden, viss ikkje øydelegg du motoren. Skru ut proppen du ser på biletene under for å kontrollere oljenivået, det er eit skravert område på peilepinnen som viser maksimum og minimum nivå.



Dekk

Kontroller felgane for skadar og dekka for sår eller rifter som kan føre til punktering. Pass også på at mopeden har riktig lufttrykk. Ein kan køyre innom ein bensinstasjon for å sjekke og etterfylle luft. Riktig lufttrykk finn ein i mopeden si instruksjonsbok. Sjekk også om dekket er ujamnt slitt.





Lars Konrad Bonsaksen

Fagleg og dagleg leiar

Tlf: 913 00 099

E-post: post@trafikkskulen.no

Underviser: AM146 - B - B96/BE



Tone Karolin Ullestad

Trafikklærar og kontoransvarleg

Tlf: 909 16 078

E-post: tone@trafikkskulen.no

Underviser: B

Bonsaksen
Trafikkskule